HORDALAND FYLKESKOMMUNE | Fylkesrådmannen

Arkivnr: 2018/16480-112

Saksbehandlar: Marielle Solheim

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Fylkeseldrerådet i Hordaland | | 05.09.2019 |

# Årsmelding 2019 for fylkeseldrerådet i Hordaland, 1. utkast

**Samandrag**

Eldrerådslova (§ 8) slår fast at fylkeseldrerådet kvart år skal utarbeide ei melding om verksemda si og at denne skal leggjast fram for fylkestinget, og i følgje Hordaland fylkeskommune sitt reglement skal dette gjerast innan 1. juli.

Årsmeldinga gjer ei oversikt over arbeidet fylkeseldrerådet i Hordaland har utført i 2019, fram til dags dato. Det konstituerande fylkestinget for nye Vestland fylkeskommune er fastsett til 15-16.10.19, og det vil då etter planen veljast representantar til fylkeseldrerådet for Vestland som trer i kraft beinveges. Frå denne datoen og ut året vil fylkeseldrerådet i Hordaland berre drive naudsynt avviklande verksemd. Som følgje av dette vil fylkeseldererådet i Hordaland sannsynlegvis ha sitt siste rådsmøte 05.09.19. Det er difor formålsteneleg å utarbeide årsmeldinga på noverande tidspunkt.

For å ta høgde for eventuelle tilføyingar i løpet av året vil årsmeldinga truleg verte handsama i det avsluttande fylkestinget for Hordaland 10.12.19.

Arbeidsutvalet for fylkeseldrerådet har utarbeida utkast til årsmelding for 2019, og de finn denne vedlagt. Utkastet vil verte språkvaska og få ny utforming (etter mal) ved eit seinare høve, og de vert følgjeleg bedne om å fokusere på innhaldet. De finn likevel forslag til framsidebilete vedlagt, og kan om ynskjeleg vedta å nytte eit av dei.

**Forslag til vedtak**

Fylkeseldrerådet vedtek årsmeldinga slik den ligg føre. Arbeidsutvalet får fullmakt til å gjere mindre endringar i ettertid, i form av eventuelle oppdateringar og tilføyingar.

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Marielle Solheim
administrativ sekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Hordaland fylkeskommune**
Fylkesrådmannen

Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen

Tlf: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no
**www.hordaland.no**

Org.nr. NO 938 626 367 mva.
Kontonr. 5201 06 74239